



Innst. 176 L

(2009–2010)

Innstilling til Stortinget fra energi- og miljøkomiteen

Prop. 8 L (2009–2010), jf. Ot.prp. nr. 107 (2008–2009)

Innstilling fra energi- og miljøkomiteen om lov om fornybar energiproduksjon til havs (havenergilova)

Til Stortinget

Sammendrag

Olje- og energidepartementet gjer i proposisjonen framlegg til lov om fornybar energiproduksjon til havs (havenergilova), og det vert presentert eit framlegg for ein strategi for utvikling av næringsliv og energiressursar knytt til havbasert fornybar energi. Framlegget svarer til framlegget i Ot.prp. nr. 107 (2008–2009) Om lov om fornybar energiproduksjon til havs (havenergilova), som blei satt fram for Odels-tinget i den førre sesjonen.

Framlegg til lov om fornybar energiproduksjon til havs skal gi det rettslege rammeverket for å gi konsesjonar og på annan måte regulere forhold knytt til planlegging, utbygging, drift og nedlegging av anlegg for produksjon av fornybar energi og anlegg for omforming og overføring av elektrisitet til havs. Lovframlegget er basert på arealvurderingar med tilhøyrande prosedyre for konsekvensutgreiingar.

Strategi for fornybar energiproduksjon til havs

Regjeringa vil at Noreg skal utviklast vidare som ein miljø- og klimavennleg energinasjon, og å vere leiande innanfor utviklinga av miljøvennleg energi. Ein viser til Stortingets handsaming av St.meld. nr. 34 (2006–2007) Norsk klimapolitikk. Som del av ein klimaavtale der òg andre industriland tek på seg store pliktar, var partane i klimaforliket einige om at Noreg skal ha eit forpliktande mål om karbonnøytralitet seinast i 2030. Det inneber at Noreg skal sørge for

utslippsreduksjonar svarande til norske utslipp i 2030. Satsing på energieffektivisering, varme og elektrisitet frå fornybare energikjelder er sentrale element i regjeringas klimapolitikk. Det er mogleg å auke energiproduksjonen monaleg, og energien kan nyttast meir effektivt.

Samanlikna med andre land har Noreg ein spesiell energisituasjon. – Noregs elektrisitetsproduksjon er basert på fornybar energi, og det er framleis god tilgang på fornybare energiressursar på land som kan takast i bruk, og som er rimelegare enn havbasert fornybar energi. Regjeringa meiner likevel det er viktig at Noreg medverkar til å utvikle konkurransevna for havbasert energi, og ein visar til at det er fire element i dette: Kompetanse, fornybare energiressursar til havs, infrastruktur og regulerbar vasskraft.

Regjeringa vil prioritere arbeid med å utfylle regelverket slik at alle vesentlege forhold er avklart når det er aktuelt å opne havareal for konsesjonssøknader. I første omgang vil ein særleg prioritere arbeid med arealvurderingar, tryggleiksspørsmål og kvalifikasjonskrav til konsesjonærar. Det vises til at det vil straks bli sett i gang eit arbeid med å vurdere havareal som kan vere eigna for utbygging av vindkraft til havs, og dermed for eventuell avgjerd om opning for konsesjonssøknader.

Utviklinga av fornybar energiproduksjon og infrastruktur til havs må sjåast i samanheng med utviklinga av overføringsnettet på land. Moglege løysningar for infrastruktur vil inngå i vurderinga av havareal som kan vere eigna for utbygging av vindkraft til havs. Eit framtidig kraftnett i Nordsjøen kan bli utvikla stegvis, for eksempel ved at kablar frå vindkraftanlegg i havet til lands over tid blir knytt saman i eit meir omfattande nett. I samband med dette vil det vere ein vesentleg fordel om val av teknologiske løysingar blir harmoniserte slik at det er lagt til rette for ei seinare samankopling. Framlegget til ei havenergi-

lov legg til rette for ei stegvis utvikling av kraftnett til havs.

Departementet viser til at spørsmål om føresegner om den økonomiske reguleringa av produksjon og overføring, mellom anna regelverk knytt til nettregulering, vil krevje nærare utgreiingar for å sikre at ei slik regulering blir føremålstenleg utforma. Man vil prioritere høgt å utarbeide slikt regelverk, slik at lovføresegner og forskrifter ligg føre i god tid før det er aktuelt med store investeringar innan lova sitt verkeområde. Man meiner vidare det er viktig at kostnadene ved slik nettutbygging blir gjort synlege for produsentar og andre som tek avgjerder.

Departementet viser og til at ei vidareutvikling av norsk regulerbar vasskraft kan medverke til å leggje til rette for utbygging av vindkraft og annan uregulerbar fornybar energiproduksjon. Ei vidareutvikling av norsk regulerbar vasskraft må skje innan miljømessig forsvarlege rammer, og miljøkonsekvensane må vurderast opp mot nytten av tiltaka. Ein viser til at NVE no gjennomfører arbeid med å vurdere korleis vasskrafta sine reguleringssegenskapar kan utviklast vidare på ein miljømessig forsvarleg måte. Vidare viser ein til at forskingsinnsatsen òg skulle bli styrkt ved at det i 2009 blei etablert eit forskingssenter der samspelet mellom vass- og vindkraft og miljøverknader av vasskraftreguleringar vil vere sentrale forskingssteima.

Havenergi internasjonalt

Behovet for å redusere utsleppa av klimagassar frå energiproduksjon utan å svekkje forsyningstryggleiken kan bli ein vesentleg faktor i å utvikle ei meir klimavennleg energiforsyning i Nord-Europa og i andre land med høvelege havareal. Ei årsak til dette er at tilgjengeleg areal for produksjon av fornybar energi på land er avgrensa, og det teoretiske potensialet for fornybar energiproduksjon til havs er svært stort.

Utbygging av havbasert energi i stor skala vil medføre vesentlege utfordringar og krav til internasjonal koordinering. EU-kommisjonen har i 2008 gjeve ei fråsegn om ein handlingsplan for havbasert vindenergi, som er ein del av EUs oppfølging av den framlagte energi- og klimapakken frå januar 2008, og der fornybardirektivet inngjekk. EUs mål er at 20 prosent av energibruken kjem frå fornybar energi i 2020. Fornybardirektivet inneber at landa skal ta på seg nasjonale mål og levere handlingsplanar for gjennomføringa av måla.

Teknologi

Departementet viser til at vindkraft til havs har eit svært stort ressursgrunnlag i Noreg. Teknologistatus, teknologiutfordringar og høva framover til å utvikle ulike teknologiar for havbasert fornybar energi, med særleg merksemd på vindkraft til havs, er presentert i

proposisjonen. Andre teknologiar for fornybar energi til havs som er omtala er knytt til bølge- og tidvasskraft og saltkraft.

Teknologi for havbasert kraftproduksjon er framleis i ein tidleg fase, og det er eit stort potensial for kostnadsreduksjonar. Ein viser til at det fram til og med 2008 var installert totalt 200 vindturbinar fordelte på 18 vindkraftverk i Noreg, og totalt har om lag 1300 MW vindkraft motteke endeleg konsesjon i Noreg. Om lag 430 MW av desse er sette i drift. Om lag 870 MW har fått endeleg konsesjon, men er ikkje sette i drift eller er under bygging.

Viktige utviklingsområde dei næraste åra er utviklinga av store vindkraftverk tilpassa tøft klima på land og til havs, med sterk vind, turbulent vind, ising og kaldt klima. Auka bruk av kraftelektronikk, ny generatorteknologi, betre system for styring og kontroll, og vidare utvikling mot lettare konstruksjonar (materialteknologi) vil medverke til reduserte kostnader. Betre vindvarslingsteknikkar kan auka verdien av vindenergien ved å varsle vindtilhøva for eksempel 6 til 48 timar på førehand.

Det er i proposisjonen gjort rede for investeringskostnader og kostnader knytt til drift og vedlikehald for vindkraftproduksjon på land og til havs.

Regjeringa meiner både styresmakter og næringslivet vil ha nytte av betre kunnskap og kompetanse om dei samfunnsmessige premissa som ligg til grunn for at nye energiløysingar vert utvikla og tekne i bruk. Fagmiljøa innafor feltet må styrkast, og det må stimulerast til nærare samarbeid.

Norsk vindkraftbransje er i ein oppstartfase, og regjeringa meiner det er nødvendig å utvikle teknologi, kunnskap, kapasitet i nett og generell bransjekompetanse for å leggje grunnlaget for ein framtidig stor skala norsk vindkraftproduksjon. Dette krev auka investeringar og auka innsats.

For å få til dette er erfaring frå landbasert vindkraft nødvendig, og man vil sjå til at det blir gjort ein grundig analyse av dei førebelse erfaringane med til drift av norske landbaserte vindkraftverk.

Nettinfrastruktur og infrastruktur for overføring av kraft til havs

Energi som skal matast inn i eit kraftnett må tilpassast normer, standardar og kapasitetsgrenser i nettet. Vindkraft til havs har ein fordel i forhold til landbasert vindkraft, ved at vinden er meir stabil. Det gjeld særleg langt til havs. Men vindkraft til havs har andre utfordringar knytt til kabelteknologi under vatn og transport av kraft over lange avstandar. I tillegg til at det må leggjast overføringskablur på havbotnen, må det etablerast omformaranlegg til havs.

Vindkraftproduksjon til havs har kjenneteikn som medfører at det er særskilt påkravd at dette står sentralt i vurderinga. Det finst knapt infrastruktur for

overføring av kraft til havs, og vurdering av forhold knytt til slik infrastruktur må gå hand i hand med vurdering av havareal for vindkraftproduksjon. Etablering av slik infrastruktur er dyrt, og overføring av krafta medfører krafttap. Investeringskostnader og krafttap avheng av overføringsavstand, overføringskapasitet og spenningsnivå, og om elektrisiteten blir overført som likestraum eller vekselstraum.

Utfordringane knytt til stabilitet i kraftsystemet og forsterking av linjenett på land kan påverke dei fysiske høva til å mate vindkraft frå norske havområde inn i andre land sine kraftsystem, og dermed omfanget av framtidig utbygging i norske havområde. Det kan òg ha betydning for kor framtidig utbygging i norske havområde bør lokaliseras, og dermed for arbeidet med arealavgrensing.

Arealvurderingar

I forslaget til havenergilov er det lagt opp til at etablering av fornybar energiproduksjon til havs i utgangspunktet berre kan skje etter at staten har opna nærare bestemte geografiske område for søknader om konsesjon. I medhald av lovforslaget skal det gjennomførast konsekvensutgreiing før opning av areal i statleg regi.

Norske havområde dekkjer eit svært stort areal, og det tekniske potensialet for fornybar energi i norske havområde er derfor svært stort. Ei konsekvensutgreiing i statleg regi må avgrensast til areal som ut frå ei heilskapleg vurdering kan synast mest aktuelle for utbygging. Før konsekvensutgreiingar kan setjast i verk, må det såleis gjerast eit arbeid med arealavgrensing. Den skal ta utgangspunkt i ei vurdering av tekniske og økonomiske forhold som vil vere avgjerande for kor vidt utbygging vil vere aktuelt. Dette inkluderer blant anna vindressursar, havdjup, kraftoverføring, forsynings- og marknadsmessige forhold.

Miljøforhold og andre arealbruksinteresser til havs må vidare vurderast i arealavgrensinga. I proposisjonen er omtala dei viktigaste faktorane – biologisk mangfald, visuelle verknader, kulturminne, fiskeri, sjøtransport, petroleumsverksemd og forsvarsinteresser. Det er òg gjeve ei omtale av heilskaplege forvaltningsplanar for norske havområde.

Forholdet mellom arealavgrensing, strategisk konsekvensutgreiing og prosjektspesifikke konsekvensutgreiingar er drøfta i proposisjonen, og det er gjeve ein omtale av korleis arbeid med arealavgrensing og konsekvensutgreiingar er lagt opp i Danmark og Storbritannia. Vidare er det beskrive korleis departementet vil setje i verk arbeid med arealavgrensing og konsekvensutgreiing utanfor grunnlinjene.

Arealvurderingane for vindkraft til havs må sjåast i samanheng med lokalisering og vidareutvikling av regulerbar vasskraft og utvekslingskapasitet.

I tillegg til innmating i kraftsystemet på land i Noreg eller utlandet, kan vindkraft til havs òg medverke til å forsyne petroleumsinstallasjonar med elektrisitet. Fordi vindkraft ikkje er regulerbar kan ikkje dette vere den einaste kraftforsyninga til slike installasjonar. Det vil vere nødvendig med annan krafttilgang i tillegg, anten i form av gassturbinar eller ved tilknytning til kraftsystemet på land. I ei arealvurdering vil det vere relevant å vurdere tekniske, kostnadsmessige og andre forhold knytt til slike løysingar.

Miljøkonsekvensar

Eventuelle miljøkonsekvensar av etablering og drift av offshore vindkraft forventes i hovudsak for miljøverdier lokalt i nærområdene til anleggene og eventuelle skader på enkeltindivider. Det er imidlertid en del usikkerhet knyttet til konsekvensar av offshore vindkraft for sjøfugl. Usikkerheten er relatert til kollisjonsrisiko for lokale og trekkende fugler, samt eventuelle barriereeffekter. Med hensyn til fisk og sjøpattedyr er det noe manglende kunnskap om eventuelle adferdsmessige virkninger av støy fra vindturbinene.

St.meld. nr. 8 (2005–2006) Helhetlig forvaltning av havområdene utenfor Lofoten (forvaltningsplanen) peika ikkje ut særskilde område for vindkraft. Planen nemnde heller ikkje særskilde område der vindkraft utan vidare er uaktuelt.

Fiskeri og havbruk

Departementet viser til at det i utgangspunktet er eit potensial for konflikt mellom energiproduksjon til havs og fiskeriverksemd. Etableringar av vindkraftverk eller bølgekraftverk kan, avhengig av storleik og plassering, hindre fiske dersom installasjonane blir plasserte i fiskeområde. Ved etablering av botnfaste vindturbinar er det område grunnare enn 100 meter som er aktuelle. Slike bankar kan samtidig vere viktige område for fiske, og arealkonflikt med fiskeflåten kan oppstå. Dialog med fiskerinæringa vil såleis vere ein viktig del av ein prosess for å identifisere eigna område for havbasert vindkraft.

Sjøkablar vil føre energien frå vind- eller bølgekraftverk til havs inn til land. I område der det er fare for at reiskap skal setje seg fast i straumkablane, kan kabelen anten gravast ned eller dekkjast over med stein. Nedgravne kablar vil medføre små problem for fisket.

Ein visar og til at dersom verkeområdet til havenergilova blir utvida i dei indre farvatn, vil potensialet for arealkonflikt med akvakulturverksemd auke. I vurderingane av moglege areal for energiproduksjon til havs må det takast omsyn til noverande og framtidige område med potensial for akvakultur.

Arbeid med arealavgrensing i Noreg

Departementet vil setje i gang arbeid med å vurdere havareal som kan vere eigna for utbygging av vindkraftanlegg. Norske havområde er store og ei konsekvensutgreiing av heile det norske havarealet vil vere svært ressurs- og tidkrevjande. Ein skal først gjere ei avgrensing av kva havområde som skal omfattast av ei strategisk konsekvensutgreiing, deretter skal strategisk konsekvensutgreiing gjennomførast i medhald av lovforslaget. Avhengig av utviklinga i teknologi, kostnader, etterspørsel, kunnskapsutvikling mv. vil det i åra framover vere aktuelt å gjennomføre fleire slike rundar for å opne areal for søknadar.

Arbeidet med arealavgrensing skal ta utgangspunkt i at havområde som er venta å vere mest aktuelle for utbygging på grunnlag av faktorar som vindressursar, havdjup, kraftoverføring, forsynings- og marknadsmessige forhold. Dette tilseier at det er særleg relevant å vurdere område i den sørlege delen av Nordsjøen. For andre norske havområde (midtre og nordlege del av Nordsjøen, Norskehavet og Barentshavet) kan utbygging av eit kraftnett til havs liggje lengre fram i tid. Vindkraft til havs i desse områda må tilknytast nettet på land, og ei slik utbygging må vurderast opp mot utbygging av fornybar elektrisitetsproduksjon på land.

Mange stader langs kysten er det avgrensingar i overføringsnettet, og ei utbygging av vindkraft til havs med ilandføring kan då redusere høva til å auke fornybar elektrisitetsproduksjon på land. Dette kan endrast, blant anna ved ei eventuell framtidig utbygging av petroleumsvirksemd. I ei vurdering av elektrifisering av slike anlegg kan kostnadsbiletet endrast, og havbasert kraftproduksjon vil då vurderast opp mot landbasert kraftproduksjon. Forholda er annleis i Midt-Noreg, med underskot på kraft og avgrensingar i overføringsnettet. Utanfor kysten er det her òg havareal som er eigna for botnfaste installasjonar. Ei eventuell utbygging til havs skal likevel vurderast opp mot at det ligg føre betydelege planer for utbygging av landbasert kraftproduksjon i området og forsterking av overføringsnettet.

Departementet finn det føremålstenleg at man òg gjennomfører vurderingar av utvalte havområde nord for sørlege Nordsjøen som synest særleg aktuelle for framtidig utbygging, og at man inkluderer havareal innafor grunnlinja.

Vidare skal ein gjere ei særskilt vurdering av tekniske, økonomiske og andre relevante forhold vedrørande utbygging av vindkraft til havs i tilknytning til eksisterande og nye petroleumsinstallasjonar i alle havområda.

Departementet viser til at ei gruppe samansett av medlemmer frå ulike direktorater (direktoratgruppe) skal leggje fram resultat av det vidare arbeidet andre

halvår 2010. Det kan bli aktuelt å gjennomføre strategisk konsekvensutgreiing for utvalte havareal i 2011. Status og plan for det vidare arbeidet vil bli lagt fram for Stortinget ved oppdatering av strategien i 2012.

Konsesjonshandsaming innafor grunnlinjene

Framlegg til havenergilov vil mellom anna gje grunnlag for å handsame energianlegg utafor grunnlinjene. Vindkraftanlegg og andre fornybare energikjelder som er lokaliserte i sjø innafor grunnlinjene, blir i dag konsesjonshandsama etter energilova.

Ein visar til at NVE i samråd med departementet har utarbeidd kriterium for korleis sakene bør prioriterast. Formålet er å leggje til rette for snøggare handsaming av dei mest realistiske prosjekta, samtidig som planlegginga av dei minst realistiske prosjekta kan bli avslutta. Dette kan over noko tid medverke til snøggare utbygging av vindkraft og redusert konfliktnivå.

Departementet meiner det er føremålstenleg at NVE inntil vidare ikkje prioriterer å handsame nye meldingar om større vindkraftprosjekt innafor grunnlinjene. NVE skal likevel framleis gi høg prioritet til handsaming av mindre prosjekt som er ledd i utvikling og utprøving av teknologi.

Infrastruktur

Tekniske og kostnadmessige forhold ved overføringssamband mellom havbasert elektrisitetsproduksjon og forbruk på land og prinsippa for ei føremålstenleg utbygging av overføringskapasiteten er presentert i proposisjonen. Vidare er det gjeve ei oversikt over planar og prosjekt for havvind i andre land rundt Nordsjøen som kan vere aktuelle for tilknytning til eit eventuelt nett til havs. Ein visar til at overføringsnettet til utanlandet gjer det mogleg å utveksle kraft med nabolanda og slik halde ein høg forsyningsstryggleik med mindre total produksjonskapasitet.

Departementet meiner at det er nødvendig å få på plass nokre prinsipp for infrastrukturen som gjer utvikling mogleg i den første fasen, og man vil arbeide vidare med dei prinsippa som bør gjelde. Nærare avklaringar og prinsipp vil bli presenterte i den vidareutvikla nasjonale strategien for fornybar energi til havs.

Overføringsnettet til havs vil på sikt kunne sjåast på som ein heilskap der kablar for alle former for fornybar kraftproduksjon til havs og elektrifisering av petroleumsvirksemda inngår. I den tidlege fasen vil enkeltkablar bli utbygde etter behov. Vurdering av behovet og utbygging av utanlandskablar må halde fram uavhengig av utviklinga av vindkraft til havs.

Overføringsnettet til havs vil skilje seg frå det på land ved at det blant anna har ein annan funksjon og

i større grad blir nytta til eksport. Nettkundar på land skal ikkje dekkje kostnadene for eit overføringsnett til havs. Aktøren pliktar ved tilkopling til overføringsnettet på land, å halde seg til dei vilkåra som gjeld for kraftmarknaden og tilknytning til overføringsnettet.

Ein meiner vidare at det førebels ikkje er nødvendig å ta standpunkt til om nett- og systemverksemda knytt til havenergi bør samlast i eitt selskap. Dette spørsmålet vil ein komme tilbake til ved framleggninga av oppdatert strategi. Ved etablering av ein eventuell systemoperatør til havs vil det vere naturleg å vurdere om Statnett skal få utvida si rolle til også å omfatte systemoperatør til havs.

Ved eit framtidig overføringsnett til havs der for eksempel både forbrukarar og produsentar kan vere tilknytt den same kabelen, vil det òg vere behov for utforming av eit regelverk for tariffing. Det vil i den samanhengen vere naturleg å vurdere føremålstengleg utforming av tariffingsprinsipp.

Lov om fornybar energiproduksjon til havs (havenergilova)

Det er i dag ikkje noko fullstendig konsesjonslovverk for etablering av vindkraftanlegg utafor grunnlinjene. Enkelte slike anlegg vil truleg kunne falle inn under petroleumslovgivinga. Andre lover som tek vare på spesielle interesser kan i noko grad òg komme inn, utan at dette dekkjer heilskapen i ei etablering av vindkraftanlegg til havs. Omsynet til effektive og føreseielege prosessar for etablering av fornybar energiproduksjon med tilhøyrande infrastruktur tilseier at det blir lagt opp til ein heilskapleg og koordinerande konsesjonsprosess for nye energiproduksjonsanlegg til havs.

Hovudtrekk ved lova

Regjeringa vil ved lovforslaget leggje til rette for utvikling av ny fornybar energiproduksjon til havs, og å ha samfunnsmessig kontroll med arealbruk og produksjons- og overføringsanlegg. Den foreslåtte havenergilova skal regulere planlegging, utbygging, drift og nedlegging av anlegg for fornybar energiproduksjon og anlegg for omforming og overføring av elektrisk energi til havs.

Det er foreslått ei føresegn som slår fast at retten til å utnytte fornybare energiressursar til havs tilhøyrer staten.

Forslaget inneheld ei føresegn om opning av areal med sikte på tildeling av konsesjon til fornybar energiproduksjon. Føresegna sikrar at planlegging og utbygging av fornybar energiproduksjon og overføringsanlegg skjer i eit heilskapleg perspektiv der alle relevante interesser og tilhøve blir vurderte.

Lovforslaget fastset konsesjonsplikt for å byggje, eige og drive anlegg for fornybar energiproduksjon

og anlegg for omforming og overføring av elektrisk energi til havs. I konsesjonen kan det stillast vilkår som tek vare på omsynet til mellom anna energiforsyning, miljø, tryggleik, næringsverksemd og andre interesser ved utbygging, drift og nedlegging av slike anlegg. Lovforslaget inneheld òg andre føresegner som tek vare på desse omsyna.

Lovforslaget inneheld førebels ikkje føresegner om økonomisk regulering av selskapa. På eit seinare tidspunkt vil føresegner om fleire av dei forholda som er omtalte under bli tekne inn i lov eller forskrift.

Lovforslaget gir departementet heimel til å bestemme at delar av lova i enkelte tilfelle kan gjelde for ikkje-fornybar elektrisitetsproduksjon til havs. Dette kan for eksempel vere aktuelt ved eventuell planlegging av storskala gasskraftverk til havs for leveransar til kraftsystemet på land.

Lovforslaget inneheld føresegner om systemansvar som skal handtere den fortløpande drifta av eit framtidig kraftsystem til havs.

Departementet har funne det nødvendig å ha lovføresegner som slår fast sentrale prinsipp, men som samtidig er fleksible slik at det er mogleg raskt å kunne regulere ulike problemstillingar som oppstår. Dette inneber at loven må utfyllast med forskrifter. Over tid kan det vere nødvendig å revidere lovverket i takt med utviklinga.

I arbeidet med lovforslaget har departementet òg vurdert føresegner knytt til nettregulering, marknadsplass, funksjonelt og selskapsmessig skilje mellom produsent og nettoperatør, kraftforsyningsberedskap mv. Desse spørsmåla krev nærare utgreiingar for å sikre at ei slik regulering blir utforma på ein føremålstengleg måte. Man vil prioritere å utarbeide eit slikt regelverk, slik at lovføresegner og forskrifter ligg føre i god tid før det er aktuelt med store investeringar innan lova sitt verkeområde.

Det er i proposisjonen gjeve rede for gjeldande rett innafor havenergiområdet og om forholdet til folkeretten. Folkerettslege rammer for kyststatane sin jurisdiksjon i tilliggjande havområde følgjer av folkerettsleg sedvane og av traktatar Noreg er bunde av, så som Havrettskonvensjonen av 1982.

Man viser til at norsk sjøterritorium omfattar området innanfor 12 nautiske mil utanfor grunnlinjene, jf. lov om norsk territorialfarvann og tilstøtende sone frå 2003. Innanfor denne grensa har den norske staten høve til reguleringar som er nesten like omfattande som på land.

Formål

Forslaget til formålsføresegn legg opp til at energiproduksjon til havs skal skje etter ei avveging av samfunnsmessige målsetjingar og at energianlegg blir planlagde, bygde og disponerte slik at omsynet til

energiforsyning, miljø, næringsverksemd og andre interesser blir teke vare på.

Energianlegg skal planleggjast, byggjast og disponerast slik at omsynet til energiforsyning, miljø, tryggleik, næringsverksemd og andre interesser blir teke vare på. «Miljø» er i denne samanhengen eit samleomgrep for alle miljøtema, under dette naturvern, biologisk mangfald, klima, kulturminne og kulturmiljø. Denne forståinga av omgrepet er i samsvar med miljøforvaltninga av i dag.

Verkeområde

Departementet foreslår at lova utan vidare skal gjelde generelt i territorialfarvatnet utanfor fastlandet og på kontinentalsokkelen. Kongen kan vidare bestemme at føresegner i lova skal gjelde for soner oppretta i medhald av lov om Norges økonomiske sone og for sjøterritoriet og indre farvatn ved Svalbard og Jan Mayen.

Departementet meiner delar av havenergilova kan gjerast gjeldande i dei indre farvatna òg, ein foreslår ei tilføyning i verkeområdeføresegna som opnar for å utvide det stadlege verkeområdet til dei indre farvatna. I energilova er foreslått ei tilføyning som opnar for å ikkje bruke einskilde føresegner i saker som blir handsama etter havenergilova.

Departementet foreslår ei føresegn som gir anledning til å setje heile eller delar av lova til side i forskrift eller vedtak. Føresegna kan nyttast der tiltak omfatta av § 1-2 første ledd kan handsamast etter anna lovverk, typisk for energianlegg som utgjer en integrert del av petroleumsvksemda, skipsfart eller tilsvarande.

Det er ikkje foreslått å opne for generelt å nytte lova på ikkje-fornybar energiproduksjon til havs.

Opning av areal

Etablering av fornybar energiproduksjon til havs kan i utgangspunktet berre finne stad etter at staten har opna nærare bestemte stadlege område for søknader om konsesjon. Formålet er å sikre staten kontroll med at planlegging og utbygging av fornybar energiproduksjon med tilhøyrande infrastruktur skjer i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv, der alle relevante interesser og forhold blir høyrde og vurderte i ein tidleg fase. Det vil òg leggje til rette for at den påfølgjande konsesjonsprosessen blir meir føreseieleg. Tal, storleik og lokalisering av utlyst areal må vurderast som ledd i ein kartleggings- og konsesjonsprosess.

Departementet finn at vedtak om opning av areal er ei så vidtgåande avgjerd for samfunnet at myndet bør liggje hos Kongen i statsråd.

Ved opning av areal vil det elles normalt følgje ein tidsfrist for innsending av konsesjonssøknad. Har det ikkje komme inn søknader ved utgangen av fris-

ten, står styresmaktene i utgangspunktet fritt til å vurdere om området bør lysast ut på nytt.

Nettanlegg vil bli omfatta av den arealplanlegginga lovforslaget legg opp til. Nettkapasitet, høve til avsetning og andre forhold knytte til nett vil ha betydning for kva område det er aktuelt å vurdere for opning. Departementet finn det ikkje nødvendig å slå fast at nettanlegg generelt skal omfattast av reglane om opning av areal. Nettanlegg til havs vil berre bli planlagt når det er trong for overføring av elektrisk energi.

Konsesjon på anlegg mv.

Departementet foreslår nærare føresegner om retten til å søkje om og få konsesjon for energianlegg til havs, og lovforslaget opnar blant anna for at det kan etablerast ei form for prekvalifisering eller for at gjennomføringsevne blir lagt vekt på ved handsaming av søknad om konsesjon. Regionale verknader må òg vurderast.

Staten skal stå for kartlegging og opning av areal. Departementet foreslår at det overfor konsesjonæren kan stillast tidsfristar for ulike steg i utviklinga av prosjektet, og at det kan fastsetjast sanksjonar ved avvik. Konsesjonsstyresmakta kan ved avvik trekkje konsesjonen tilbake. Konsesjonen kan i slike høve gis til annan aktør på nærare gitte vilkår.

Departementet legg til grunn at konsesjon for energianlegg etter lova kan givast for inntil 30 år, konsesjonstida skal gjelde frå anlegget blir sett i drift. Lovframlegget opnar for fornying av konsesjonen ved utløp av konsesjonstida, og konsesjonær kan søkje om forlenga konsesjon.

I konsesjonsprosessen må det vurderast kor vidt konsesjonæren skal få einereitt på å utnytte det aktuelle havarealet til fornybar energiproduksjon, eller om departementet på visse vilkår skal kunne gi konsesjon til annan part til å installere supplerande produksjon innan området.

Lovframlegget gir heimel til å kunne fastsetje vilkår om tilrettelegging for eller tilkopling til andre anlegg eller system innan verkeområdet for lova.

Konsekvensutgreiingar

Lovframlegget inneheld føresegner om konsekvensutgreiingar, som skal vere ein del av ein open og offentleg prosess der blant anna utgreiingsprogrammet blir sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.

Kva omfang konsekvensutgreiingar skal ha før ei opning, er ikkje regulert i detalj i lovforslaget.

Skadebot til fiske

Lovframlegget føreset at eventuelle konsekvensar for fiske blir vurderte før areal blir opna for konsesjonshandsaming. Ein har føresegner som svarar til

føresegnene i petroleumsløven, og foreslår at tilsvarende ordning som for petroleumsvirksomhet blir etablert for virksomhet som blir omfatta av denne lova.

Arealavgift

Departementet viser til at ei arealavgift kan sjåast på som leige for bruk av areal, og kan bidra til framdrift i planlegging og utbygging. Ei arealavgift kan òg medverke til at areal blir effektivt utnytta. Departementet legg til grunn at arealavgift ikkje er aktuelt i ein innleiande fase i utvikling og etablering av vindkraft til havs i Noreg, men man finn det likevel rett å ta inn heimel for å kunne innføre arealavgift seinare.

Det er teke inn ei presisering i lovteksten om at arealavgift kan påleggjast ved tildeling av konsesjon eller seinare.

Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Per Rune Henriksen, Marianne Marthinsen, Torstein Rudihagen, Tor-Arne Strøm og Eirin Kristin Sund, fra Fremskrittspartiet, Oskar Jarle Grimstad, Kjell Ivar Larsen og Ketil Solvik-Olsen, fra Høyre, Nikolai Astруп, Bjørn Lødemel og Siri A. Meling, fra Sosialistisk Venstreparti, Snorre Serigstad Valen, fra Senterpartiet, lederen Erling Sande, og fra Kristelig Folkeparti, Line Henriette Hjemdal, viser til at Norges havområder har gode vindforhold og et stort teoretisk potensial for å utvikle havbasert fornybar energi.

Komiteen viser til at Olje- og energidepartementet i proposisjonen legger frem både en strategi for utvikling av næringsliv og energiresurser knyttet til havbasert fornybar energi og et forslag til lov om fornybar energi til havs (havenergiløven).

Komiteen peker på at strategien er en oppfølging av klimaforliket mellom regjeringspartiene og Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre fra januar 2008 der det heter:

«Partene er enige om at det skal lages en nasjonal strategi for kraftproduksjon fra havmøller og andre marine fornybare energikilder. En slik strategi må se på behovet for særskilt forskningsinnsats, vurdere å opprette et eget senter for forskningsdrevet innovasjon på området, utrede nødvendige lovendringer for å kunne utstede konsesjoner, se utplassering av havmøller i sammenheng med elektrifisering av aktivitet på sokkelen og gjennomføre en arealvurdering for utplassering av fremtidige anlegg hvor hensynet til fiskeriene, det marine miljøet og andre næringer ivaretas.»

Komiteen peker videre på at lovforslaget fastsetter konsesjonsplikt for å bygge, eie og drive anlegg for fornybar energiproduksjon og anlegg for omforming og overføring av elektrisk energi til havs.

Strategi for fornybar energiproduksjon til havs

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, peker på at klimautfordringen sannsynligvis er vår tids største utfordring. Bruk av fossil energi står for 70 prosent av klimagassutslippene globalt, og energibruken i verden øker med folketallet og bedret levestandard. Flertallet mener at energi og klima må sees i en sammenheng for å finne gode løsninger. Økt produksjon av fornybar energi vil være et viktig bidrag til bedre miljø globalt. Flertallet har merket seg at Det internasjonale energibyrået (IEA) anslår at fornybar energi vil måtte medvirke til 23 prosent av de nødvendige utslippsreduksjonene. Dette krever et massivt skift fra fossile til fornybare energikilder.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet viser til at økt produksjon av fornybar energi vil være med på å redusere klimagassutslippene globalt. Havvindkraft vil på sikt kunne gi et betydelig tilskudd til den fornybare energien som produseres i Norge i dag.

Disse medlemmer er helt på linje med Det internasjonale energibyrået (IEA) som peker på at det de neste 20–30 år er viktigst å redusere bruken av kull. IEA peker på at Norges bidrag med økning av både olje og gass fram mot 2030 vil være et viktig element i reduksjon av klimagasser fra kullbruk.

Videre vil komiteen peke på at en satsing på havbasert fornybar energi representerer muligheter for norske bedrifter og kompetansmiljøer. Komiteen viser til at det globale markedet for vindkraft til havs er forventet å øke raskt. European Wind Energy Technology Platform forventer at det innen 2020 vil være installert 40 GW vindkraft til havs. Dette innebærer investeringer på rundt 800 mrd. kroner. Det kan gi store muligheter også for norsk industri og kompetansmiljøer. Norske bedrifter har betydelig kompetanse fra petroleumsvirksomheten til havs og kraftproduksjon på land som kan gi muligheter også innen fornybar energiproduksjon til havs. Komiteen vil understreke betydningen av at posisjonering i forhold til disse markedsmulighetene er viktig, og at det også haster med å utvikle et hjemmemarked for denne type industri og kompetanse.

Komiteen viser til at Norge i dag har en viktig posisjon som energileverandør til blant annet Europa. Ved å satse ytterligere på energiproduksjon, vil vi videreutvikle Norges rolle som energistormakt.

Komiteen viser til at regulerbar vannkraft i kombinasjon med energiproduksjon som ikke kan reguleres, som vindkraft, er en effektiv kombinasjon i forhold til å være en stabil energileverandør. Komiteen vil derfor understreke betydningen av at en nasjonal strategi for fornybar havenergi blir satt i sammenheng med en politikk for bedre utnyttelse av vannkraftressursene.

Komiteens medlemmer fra Framskrittspartiet vil understreke at vannkraft har vært og er grunnpilaren i det innenlandske forbruket av energi, både til industri og husholdninger. Disse medlemmer ser behovet for en havenergilov, og er i store trekk enige med regjeringens forslag til ny lov, men vil påpeke at produksjon av fornybar havenergi fra norske arealer på dypt vann blir neppe aktuelt ennå på lang tid, og at denne satsingen derfor ikke må gå på bekostning av norsk satsing på vannkraft.

Disse medlemmer peker på at landet har store potensialer fra både regulerbare og ikke regulerbare energikilder, som ikke er utnyttet. Reserver i vannkraft er ikke ubetydelig, og bør kunne utnyttes. Vernede vassdrag må vurderes på nytt sett i lys av dagens miljøvennlige utbyggingsmuligheter. Energi fra vannkraft er billig å produsere, og bør i langt større grad enn i dag bygges ut. Vannkraft vil bli enda viktigere når EUs fornybardirektiv blir gjort gjeldende. På vindstille dager og når behovet for elektrisk strøm er særlig stort innenfor EU, kan et stort norsk vannkraftoverskudd være den beste garantien for lavere klimagassutslipp fra EU-landene. Alternativet for norsk vannkraft vil i stor grad være kullkraft.

Disse medlemmer viser til at vindkraft fra landbaserte anlegg har også et meget stort energipotensiale, og vil bli prioritert før anlegg bygges på dypt vann i norske farvann.

Disse medlemmer ser et stort behov for en grundig gjennomgang av gjenværende vann- og vindressurser i Norge. Når slike oversikter foreligger, vil prioritering være lettere. Uten slike prioriteringer vil det også være vanskelig å planlegge og bygge et tilfredsstillende nett for framføring av den elektriske kraften.

Komiteen har merket seg at regjeringen tar sikte på å legge frem en videreutviklet strategi for havenergi for Stortinget i 2012, og er enig i vurderingen som legges til grunn om at arbeidet med spørsmål innen arealvurderinger, sikkerhet og kvalitetskrav til konsesjonærer prioriteres i første omgang i den videre prosessen.

Komiteens medlemmer fra Høyre og Kristelig Folkeparti peker på betydningen av

å utvikle ny teknologi for å møte klimautfordringen. Dersom vi skal nå målet om et nullutslippssamfunn med en reduksjon på minst 85 prosent i verdens klimagassutslipp innen 2050, vil det kreve et teknologisk kvantesprang. Det må derfor satses maksimalt på å utvikle nye teknologiske løsninger som ikke nødvendigvis er kostnadseffektive i dag, men som er nødvendige dersom vi skal nå klimamålene i 2050. Vi må ta i bruk ny teknologi som gjør vår produksjon og vårt forbruk bærekraftig. Havbasert vindkraft kan være en slik teknologi.

Komiteens medlemmer fra Høyre peker videre på betydningen av at demonstrasjonsanlegg sikres tilstrekkelig støtte, og at dette er viktig for blant annet å prekvalifisere norske aktører med tanke på markeder utenfor Norge. Disse medlemmer viser til et representantforslag fra stortingsrepresentantene Erna Solberg, Trond Helleland, Nikolai Astrup og Siri A. Meling der det blir foreslått å opprette ett eller flere fond av en betydelig størrelse der avkastningen brukes til å stimulere utvikling og utprøving av ny, klimavennlig teknologi. Dagens virkemiddelapparat, slik som Innovasjon Norge og Enova, er etablert med andre mål. Forvaltningen av fondet og dets avkastning bør derfor skje utenom dagens etablerte virkemiddelapparat.

Lovforslaget

Komiteen viser til at lovforslaget er basert på Norges lange erfaring med forvaltning av vannkraftressurser, petroleumsressurser og infrastruktur for elektrisitet og gass, og at forslaget innebærer en regulering av planlegging, utbygging, drift og nedlegging av anlegg for fornybar energiproduksjon og anlegg for omforming og overføring av elektrisk energi til havs.

Komiteen har merket seg at regjeringen i lovforslaget slår fast at retten til å utnytte fornybare ressurser til havs tilhører staten, og baserer dette på den retten folkeretten gjennom havrettskonvensjonen gir til kyststaten. Komiteen viser til at petroleumslovens § 1-1 legger eiendomsretten til petroleumsressursene til staten. Komiteen har merket seg at det i proposisjonen sies at fornybare energiressurser som vind, bølger etc. ikke er underlagt eiendomsrett. Verdien oppstår når havareal kan utnyttes i anlegg som utnytter vind og bølger til å produsere elektrisk energi, og ved at denne blir ført frem til forbruker gjennom å etablere anlegg for omforming og overføring av elektrisk energi til havs. Vanligvis må anleggene bli knyttet til kraftsystemet i Norge eller i et annet land, slik at den produserte kraften kan omsettes i kraftmarkedet. Komiteen slutter seg til dette.

Komiteen har merket seg at lovforslaget også gir Olje- og energidepartementet hjemmel til å bestemme at deler av loven i enkelte tilfeller også kan gjelde for ikke-fornybar energiproduksjon til havs.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Senterpartiet og Kristelig Folkeparti, har merket seg at regjeringen foreslår en konsesjonsperiode på 30 år.

Komiteens medlemmer fra Framskrittspartiet og Høyre viser til at denne type investeringer er kostnadskreven og krever en langsiktighet. Disse medlemmer viser til at konsesjonsperioden for vindkraft til havs i Storbritannia er satt til 50 år, og det kan være hensiktsmessig å tilrettelegge så like konkurransevilkår som mulig i forhold til Storbritannia. Disse medlemmer mener derfor at konsesjonsperioden bør settes til 50 år.

Disse medlemmer fremmer følgende forslag:

«§ 3-5 (Konsesjonsvedtak mv.) andre ledd skal lyde:

Konsesjonar etter §§ 3-1 og 3-2 blir gjeven for inntil 50 år frå anlegget er sett i drift. Konsesjonstida kan forlengast etter søknad frå konsesjonæren.»

Komiteens medlemmer fra Framskrittspartiet, Høyre og Kristelig Folkeparti legger til grunn at Petroleumstilsynet vil få ansvaret for helse-, miljø og sikkerhet for energianleggene til havs.

Komiteen viser til det foreslåtte prinsipp om at strømkundene på land ikke skal dekke kostnadene for et overføringsnett til havs og gir sin støtte til dette.

Havenergi internasjonalt

Komiteen har merket seg at flere land allerede har satset betydelig på utvikling av havenergi, og da spesielt offshore vindmøller som faste installasjoner på relativt små dyp. Videre har EU-kommisjonen allerede varslet en handlingsplan for vindbasert havenergi som en del av deres fornybardirektiv. De enkelte medlemsland skal innen medio 2010 innrapportere nasjonale handlingsplaner som skal benyttes til å fremme satsingen på havbasert vind. Komiteen viser til at EU mener at en utnytting av fornybarpotensialet til havs vil kreve gode og stabile rammevilkår. Komiteen er enig i dette.

Teknologi

Komiteen viser til at teknologi for havbasert kraftproduksjon fremdeles er i en tidlig fase, spesielt når det gjelder flytende havmøller. Komiteen vi-

ser til at det er betydelige tekniske og økonomiske utfordringer knyttet til produksjon av vindkraft fra flytende installasjoner, og at vindkraft fra flytende installasjoner ikke vil være kommersielt tilgjengelig på mange år ennå. Når denne typen kraftproduksjon eventuelt vil være kommersielt tilgjengelig vil det imidlertid ha et enormt potensial for å møte verdens energibehov. Det er derfor viktig med forskning og teknologiutvikling innen dette området. Komiteen har merket seg at det i Norge er gjort betydelig forsknings- og utviklingsarbeid innenfor dette området, og at verdens eneste fullskala flytende vindmølle (testvindmølle) tilhørende selskapet Hywind nylig ble satt i drift ved Karmøy i Rogaland.

Komiteen viser videre til at Statkraft nylig åpnet et lite anlegg i Hurum for å prøve ut saltkraftteknologi, og at dette anlegget er det første i verden. Komiteen vil understreke betydningen av et fortsatt fokus på forskning og utvikling knyttet til mulighetene for å utvinne fornybar energi til havs, og ser det som positivt at ulike programmer og forskningsentre er etablert for å underbygge en god utvikling innenfor havenergi.

Komiteen viser til at infrastruktur knyttet til nett og omformeranlegg til havs vil også være en krevende teknologisk øvelse, og at Norge har betydelig erfaring med sjøkabler. Det er blant annet gjort betydelige teknologiske fremskritt innenfor energi- og petroleumssektoren med bakgrunn i blant annet krevende kunder med høy teknisk kompetanse og vilje til å satse på ny teknologi.

Komiteen viser til at norsk næringsliv og forskingsmiljø har høy kompetanse innad på ulike sider av offshore-teknologi, marine operasjoner og andre tema som er viktige ved utbygging og drift av fornybare energikjelder og infrastruktur til havs. Norske aktører deltek allerede i utviklinga av prosjekt internasjonalt, både på teknologi-, leverandør- og utbyggjarsida. For Noreg vil det vere ulike krav til kompetanse i rolla som teknologileverandør og som energiproducent. Gjennom målretta satsing på forskning, utvikling og demonstrasjonsprosjekt vil myndighetene medverke til at denne kompetansen blir utvikla vidare slik at norsk næringsliv kan medverke vesentleg til å utvikle meir kostnadseffektive og pålitelege teknologiar, utbyggings- og driftsløysingar.

Arealvurderinger

Komiteen er positiv til at regjeringen ønsker å igangsette en prosess for å vurdere egnede havarealer for energiproduksjon og registrerer at produksjonspotensialet for havvindmøller er stort, både når det gjelder faste og flytende installasjoner. Komiteen har merket seg at elementer som havdyp, vindressurser, avstand til land og muligheter for kraftoverføring er blant momenter som må vurderes.

Komiteen peker på at det største konfliktpotensialet sannsynligvis retter seg mot fiskeriinteresser. Komiteen mener at det er avgjørende at en satsing på havenergi lar seg forene med god sameksistens med fiskeriinteressene langs kysten. Etablering av vindkraftproduksjon til havs eller bølgekraftanlegg kan påvirke fisket negativt dersom installasjonene blir plassert i fiskeriområder. I dag er det lite havbruksvirksomhet utenfor grunnlinjen, men komiteen vil understreke betydningen av at det må tas hensyn til nåværende og fremtidige områder med potensial for akvakultur. Videre vil miljøhensyn, hensynet til biologisk mangfold, sjøtransport og petroleumsvirksomhet være viktige faktorer å ivareta.

Komiteen viser til at det etter første prosess med arealavgrensing legges opp til en strategisk konsekvensutredning med utgangspunkt i livsløpet til en vindpark til havs, nemlig lokalisering, konsesjon, overvåking, utbygging og drift samt nedlegging og fjerning. Komiteen er enig i at den strategiske konsekvensutredningen med høring skal være grunnlag for åpning av areal for konsesjonssøknader, og at det legges opp til at vindkraftaktørene søker konsesjon innenfor åpnet areal.

Med bakgrunn i den interessen som er rundt utnyttelse av havenergi, mener komiteen at det er viktig å ha en god dynamikk i den videre prosessen og har merket seg at den foreslåtte direktoratsgruppen som skal vurdere egnede havareal, skal legge frem resultater av sitt arbeid andre halvår 2010, og at dette i neste omgang sammen med at planprogram for strategisk konsekvensutredning vil bli sendt på offentlig høring. Komiteen vil understreke betydningen av at strategiske konsekvensutredninger for egnede havareal faktisk blir gjennomført i 2011.

Komiteen vil understreke at det i disse prosessene er en god dialog med berørte interesser, og peker her særlig på fiskerinæringen.

Komiteen har merket seg at vindkraftanlegg og andre fornybare energianlegg innenfor grunnlinjen i dag blir konsesjonsbehandlet etter energiloven, og at regjeringen foreslår at enkelte deler av havenergiloven også kan gjøres gjeldende innenfor grunnlinjen.

Komiteen meiner ein i tida framover bør gå breitt ut for å framskaffe best mulig grunnlag for utpeiking av areal eigna for utbygging av vindkraftanlegg ut frå tekniske og økonomiske forhold. Areal i sørlege Nordsjø vil ha kortast overføringsavstand til forbruksmarknadene i Europa – men har utfordringar knytt til samvariasjon med andre store planlagde utbyggingar i same havområde. Areal i nordlege Nordsjø har lengre overføringsavstandar til marknadene, men vil på grunn av andre vind- og vêrssystem ha mindre grad av samvariasjonsproblematikk ved straumeksport og har også større vindressursar. I

begge havområde er det også ønskjeleg å få fram meir kunnskap om mulig elektrifisering av sokkelen med offshore vindkraft.

Komiteen meiner det difor er viktig at ein i dei arealutgreiingane som no skal bli gjort vurderer mulige areal i nordlege Nordsjø i tillegg til i den sørlege Nordsjø ut frå dei tekniske og økonomiske forholda det er peikt på i proposisjonen, og i begge havområde får fram vurderingar om mulig elektrifisering av sokkelen med havbasert vindkraft. Dette vil etter komiteen sitt syn sikre ein best mulig avgjerdsgrunn.

Infrastruktur

Komiteen vil understreke betydningen av at vurderinger av forhold som er knyttet til overføring og omforming av elektrisitetsproduksjon til havs må inngå i vurderingen av havareal for vindkraftproduksjon. Komiteen peker på at potensialet for vindkraft til havs, både fra faste og flytende installasjoner, langt overstiger forventet behov for elektrisk kraft i Norge de kommende årene. Det er derfor viktig at det er gode muligheter for avsetning av elektrisk kraft fra norsk vindkraftproduksjon til havs i det europeiske kraftmarkedet. Komiteen peker på at norsk vindkraft til havs kan spille en viktig rolle i å møte Europas behov for fornybar energi i fremtiden, både i forhold til å redusere klimagassutslippene og for å sikre Europas forsyningsikkerhet for elektrisk kraft.

Komiteen peker på at en god infrastruktur for overføring av elektrisitet derfor er avgjørende for utviklingen av fornybar energiproduksjon til havs, forsyningsikkerhet og en fornuftig bruk av ressursene. Et nytt 3. generasjons hovednett for overføring av kraft i sjøkabel langs kysten, et såkalt «supernet», vil kunne være viktig i så måte. Dersom et slikt nytt nett skal bygges, betyr det store investeringer, men det vil også legge til rette for store framtidige inntekter. Utbygging av et slikt nett kan kreve en annen teknologi enn det vi har for kraftoverføring på land. Det er derfor viktig at et slikt nett blir utredet grundig, og at man må sette i gang de første utredningene allerede nå.

Komiteen vil peke på at det i en tidlig fase av utvikling av havenergi sannsynligvis vil være aktuelt å benytte kabler til land eller utenlandskabler, men at det på sikt bør kobles sammen til et sentralnett til havs.

Komiteen registrerer at regjeringen ønsker å foreta nærmere avklaringer og prinsipper knyttet til nettpolitikken i en videreutviklet nasjonal strategi for fornybar energi til havs som er varslet i 2012.

Komiteens medlemmer fra Høyre og Kristelig Folkeparti viser til at vinteren 2010 igjen har vist at den norske kraftforsyningen basert på vannkraft er sårbar når det er lite nedbør, kombinert

med sterk kulde og problemer med kraftleveransene fra våre naboland.

Disse medlemmer viser til at EU har store ambisjoner om å styrke sin forsyningsikkerhet gjennom både fornybardirektivet og målsettingen om 20 prosent effektivisering i energiforbruket innen 2020. Dette er langt høyere ambisjoner enn myndighetene i Norge så langt har presentert. Disse medlemmer mener derfor at det haster for Norge å slutte oss til EU sitt viktige arbeid for å styrke forsyningsikkerheten. Det er viktig at Norge klarer å utnytte vårt potensial for industribygging, arbeidsplasser og verdiskaping basert på våre fornybare energiresurser og innen energieffektivisering.

Forslag fra mindretall

Forslag fra Fremskrittspartiet og Høyre:

I lov om fornybar energiproduksjon til havs (havenergilova) skal § 3-5 (Konsesjonsvedtak mv.) andre ledd lyde:

Konsesjonar etter §§ 3-1 og 3-2 blir gjeven for inntil 50 år frå anlegget er sett i drift. Konsesjonstida kan forlengast etter søknad frå konsesjonæren.

Komiteens tilråding

Komiteen har for øvrig ingen merknader viser til proposisjonene og rår Stortinget til å gjøre slikt

vedtak til lov

om fornybar energiproduksjon til havs
(havenergilova)

Kapittel 1. Innleiande føresegner

§ 1-1 (Formål)

Denne lova skal leggje til rette for utnytting av fornybare energiresurser til havs i samsvar med samfunnsmessige målsetjingar, og for at energianlegg blir planlagde, bygde og disponerte slik at omsynet til energiforsyning, miljø, tryggleik, næringsverksemd og andre interesser blir tekne vare på.

§ 1-2 (Verkeområde)

Lova gjeld fornybar energiproduksjon og omforming og overføring av elektrisk energi til havs.

Lova gjeld på norsk sjøterritorium utanfor grunnlinjene og på kontinentalsokkelen.

Lova gjeld med dei avgrensingane som følgjer av folkeretten.

Kongen kan bestemme at føresegner i lova skal gjelde i jurisdiksjonsområder oppretta i medhald av

lov 17. desember 1976 nr. 91 om Norges økonomiske sone (økonomisk soneloven).

Kongen kan i forskrift eller i det einskilde høve bestemme at føresegner i lova skal gjelde for sjøterritoriet og indre farvatn ved Svalbard og Jan Mayen, og kan fastsetje særlege reglar av omsyn til tilhøve der.

Kongen kan i forskrift eller i det einskilde høve avgrense bruken av heile eller delar av denne lova når det gjeld innretningar, formål eller verksemdar til havs omfatta av anna lov.

Kongen kan i forskrift eller i det einskilde høve utvide verkeområdet for einskilde føresegner i denne lova til indre farvatn.

Kongen kan bestemme at lova skal gjerast gjeldande på andre produksjonsanlegg enn dei som er omfatta av § 1-4 andre ledd.

§ 1-3 (Retten til energiproduksjon til havs)

Retten til å utnytte fornybare energiresurser til havs tilhøyrer staten.

§ 1-4 (Definisjonar)

Med fornybar energiproduksjon er meint produksjon av elektrisk energi ved utnytting av fornybare energiresurser, til dømes vind, bølger og tidvatn.

Med produksjonsanlegg er meint utrusting og tilhøyrande bygningstekniske konstruksjonar for utnytting av fornybare energiresurser til produksjon av elektrisk energi.

Med nettanlegg er meint elektrisk utrusting og tilhøyrande bygningstekniske konstruksjonar for omforming og overføring av elektrisk energi.

Med energianlegg er meint både produksjonsanlegg og nettanlegg.

Med konsesjonær er meint den som er gjeven konsesjon eller andre rettar i eller i medhald av denne lova. Er konsesjon eller andre rettar gjeven til fleire slike personar saman, kan omgrepet konsesjonær omfatte både personane samla og den einskilde.

§ 1-5 (Vektlegging av samiske interesser)

Ved vedtak i medhald av lova som direkte rører ved samiske interesser, skal det innanfor dei rammene som gjeld for den einskilde føresegna leggast tilbørleg vekt på omsynet til naturgrunnlaget for samisk kultur.

Kapittel 2. Planlegging

§ 2-1 (Forundersøkingar)

Departementet kan gje forskrifter om forundersøkingar, så som om bruken av måleinnetningar og undersøkingar av botntilhøve.

§ 2-2 (Opning av areal)

Kongen i statsråd kan fastsetje at eit nærare stadleg avgrensa område som er omfatta av § 1-2 skal opnast med sikte på tildeling av konsesjon etter § 3-1.

Før opning av område etter første ledd kan skje skal det utarbeidast konsekvensutgreiingar. Konsekvensutgreiingane skal inkludere vurderingar av miljømessige og samfunnsmessige konsekvensar av fornybar energiproduksjon, så som konsekvensar for andre næringsinteresser.

Framlegg til opning av område med gjennomførte konsekvensutgreiingar skal sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn.

Departementet kan gjere unntak frå reglane om opning av areal i særskilte tilfelle.

Departementet kan gje forskrifter om opning av areal.

Kapittel 3. Konsesjonar

§ 3-1 (Produksjonsanlegg)

Produksjonsanlegg kan ikkje byggjast, eigast eller drivast utan etter konsesjon frå departementet. Det same gjeld ombygging eller utviding av eksisterande anlegg.

Før bygging av produksjonsanlegg med konsesjon etter første ledd kan ta til, skal konsesjonæren leggje fram ein detaljplan for utbygging og drift for departementet til godkjenning. Detaljplanen skal gjere greie for dei tekniske, tryggleiksmessige og miljømessige tilhøva og elles utfylle konsesjonen så langt det er fastsett. Departementet kan i særlege tilfelle fråfalle krav om detaljplan.

Før godkjenning av detaljplan etter andre ledd, skal konsekvensutgreiing av utbyggingstiltaket vere godkjent med mindre anna er fastsett i medhald av § 4-1 tredje ledd.

§ 3-2 (Nettanlegg)

Nettanlegg kan ikkje byggjast, eigast eller drivast utan etter konsesjon frå departementet. Det same gjeld ombygging eller utviding av eksisterande anlegg.

Før bygging av nettanlegg med konsesjon etter første ledd kan ta til, skal konsesjonæren leggje fram ein detaljplan for utbygging og drift for departementet til godkjenning. Detaljplanen skal gjere greie for dei tekniske, tryggleiksmessige og miljømessige tilhøva og elles utfylle konsesjonen så langt det er fastsett. Departementet kan i særlege tilfelle fråfalle krav om detaljplan.

Konsekvensutgreiingar skal leggjast ved søknader om konsesjon til nettanlegg med mindre anna er fastsett i medhald av § 4-1 tredje ledd.

§ 3-3 (Søknad og handsaming av konsesjonssøknad og detaljplan)

Konsesjonssøknad og detaljplan etter §§ 3-1 og 3-2 skal sendast til departementet. Departementet kan gje forskrifter om konsesjonssøknad og detaljplan, mellom anna om:

1. rett til å søke om og få konsesjon, inklusive pre-kvalifiseringsføresegner,
2. kva slag opplysningar ein søknad skal innehalde,
3. kva slag opplysningar ein detaljplan skal innehalde,
4. kva slag undersøkingar søkjaren må syte for og
5. krav til kunngjering, offentleg ettersyn, høyring og medverknad frå relevante styresmaktar og interesser.

§ 3-4 (Vilkår)

For konsesjonar eller godkjenning av detaljplan etter §§ 3-1 og 3-2 kan departementet gje forskrifter og fastsetje vilkår:

1. om påbyrjing, bygging, utføring, vedlikehald, drift og nedlegging av energianlegg,
2. om tidsfristar for utarbeiding av detaljplan ved tildelt konsesjon, for oppstart av anleggsarbeid og for å setje i drift anlegget eller delar av dette,
3. om beredskap og tryggleik,
4. om tilrettelegging for eller tilkopling til andre anlegg eller system,
5. om tiltak for å unngå eller avgrense skade eller ulempe for miljø, mangfaldet i naturen, kulturminne og annan arealbruk,
6. om for- og etterundersøkingar,
7. av omsyn til ei rasjonell energiforsyning,
8. av omsyn til andre næringsinteresser og
9. om bruk av eksterne oppdragstakarar og konsesjonærens ansvar for desse.

Departementet kan i samband med den einskilde konsesjon fastsetje ytterlegare vilkår dersom omsyn til allmenne eller private interesser krev det.

§ 3-5 (Konsesjonsvedtak mv.)

Konsesjon blir gjeven til juridisk person som er stifta i medhald av norsk lovgiving og er registrert i Føretaksregisteret, når anna ikkje følgjer av internasjonale avtaler.

Konsesjonar etter §§ 3-1 og 3-2 blir gjeven for inntil 30 år frå anlegget er sett i drift. Konsesjonstida kan forlengast etter søknad frå konsesjonæren.

Departementet kan gje forskrifter og fastsetje vilkår om påbyrjing og forlenging av konsesjonstida.

Kapittel 4. Sakshandsaming ved konsekvens-utgreiingar

§ 4-1 (Sakshandsaming)

Før oppstart av konsekvensutgreiingar skal det utarbeidast melding med framlegg til utgreiingsprogram. Framlegg til utgreiingsprogram skal sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn før program blir fastsett.

Ved opning av areal etter § 2-2, og ved konsesjon eller godkjenning av detaljplan etter §§ 3-1 og 3-2, skal det i saksframlegget eller i vedtaket gå fram korleis konsekvensutgreiingane og innkomne fråsegner er vurderte, og kva dei har hatt å seie for avgjerda.

Departementet kan gje forskrifter om konsekvensutgreiingar etter denne lova, så som nærare føresegner om harmonisering av utgreiingskrav for dei ulike planstadia og konsesjonane, og om kva slag tiltak og planar som er omfatta av krav om konsekvensutgreiingar.

§ 4-2 (Konsekvensutgreiingar ved grense-overskridande verknader)

Dersom tiltak eller planar som blir handsama etter denne lova kan få vesentlege negative miljøverknader i ein annan stat, skal departementet varsle relevante styresmakter i vedkommande stat, og gje høve til å medverke i plan- eller utgreiingsprosessen etter denne lova.

Kapittel 5. Tryggleik mv.

§ 5-1 (Beredskap, tryggleik og arbeidsmiljø)

Bygging, drift og nedlegging av energianlegg i medhald av denne lova skal gå føre seg slik at eit høgt tryggleiksnivå kan haldast ved lag og utviklast i takt med den teknologiske utviklinga.

Departementet kan gje forskrifter om krav til beredskap og tryggleik knytt til bygging, drift, ombygging og nedlegging av energianlegg som er omfatta av denne lova, under dette krav til tekniske konstruksjonar, arbeidstilhøve og kvalifikasjonar.

§ 5-2 (Tryggleikssoner og merking)

Departementet kan gje forskrifter om tryggleikssoner med forbod mot aktivitet i eit nærare bestemt område i og rundt energianlegg som er omfatta av denne lova. Departementet kan gje forskrifter om merking og andre tiltak av omsyn til navigering.

Kapittel 6. Nedlegging og oreigning

§ 6-1 (Nedlegging)

Ved nedlegging av energianlegg skal anlegget fjernast, med mindre departementet fastset noko anna.

Den som har konsesjon for energianlegg skal i god tid før utløpet av konsesjonen leggje fram ein avslutningsplan for departementet. Departementet kan fråfalle krav om avslutningsplan dersom det blir søkt om forlenga konsesjon.

Departementet kan gje forskrifter om nedlegging av energianlegg.

§ 6-2 (Oreigning)

Departementet kan gjere vedtak om oreigning av nettanlegg.

Det kan gjevast løyve til oreigning dersom omsynet til samfunnsmessig rasjonell produksjon, omforming og overføring av elektrisk energi eller allmenne interesser elles tilseier det.

Kapittel 7. Systemansvar

§ 7-1 (Systemansvar)

Departementet kan tildele mynde til å utøve systemansvar innan det stadlege verkeområdet for lova på nærare fastsette vilkår.

Den systemansvarlege skal syte for at det til kvar tid er balanse i kraftsystemet og kan gje dei pålegg som er nødvendige under utøvinga av dette ansvaret.

Departementet kan gje forskrifter og fastsetje vilkår om systemansvar innanfor verkeområdet for denne lova. Dette kan mellom anna omfatte samordning av systemansvar etter denne lova og etter lov 29. juni 1990 nr. 50 (energiloven) kapittel 6, og energianlegg etter denne lova som ikkje er knytt til kraftsystemet på land.

Kapittel 8. Utførsel og innførsel av elektrisk energi

§ 8-1 (Utførsel og innførsel av elektrisk energi)

Utførsel og innførsel av elektrisk energi til og frå framand stat kan ikkje skje utan konsesjon frå departementet.

I konsesjonen kan det setjast vilkår dersom allmenne omsyn krev det.

Departementet kan i særlege tilfelle gje fritak for konsesjonsplikt.

Kapittel 9. Skadebot til fiskarar i Noreg

§ 9-1 (Sakleg verkeområde og definisjonar)

Økonomisk tap som vert påført fiskarar i Noreg som følgje av at verksemda legg beslag på fiskefelt, medfører forureining og avfall eller ved at energianlegg eller tiltak i samanheng med energianlegg valdar skade, kan dekkjast etter kapitlet her.

Med forureining og med avfall er i dette kapitlet meint forureining og avfall som nemnt i lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensningar og om avfall

(forurensningsloven) § 6 første ledd nr. 1 og 2 og § 27 første ledd.

Med fiskarar i Noreg er i dette kapitlet meint personar registrerte i fiskarmanntalet og eigarar av fartøy innført i registeret over merkepliktige norske fiskefarkostar.

§ 9-2 (Beslaglegging)

Dersom verksemda etter denne lova i eit område heilt eller delvis legg beslag på eit fiskefelt, pliktar staten i den utstrekninga fisket blir gjort umogleg eller vesentleg vanskelegare å gje skadebot for det økonomiske tapet dette medfører.

Skadebota kan fastsetjast heilt eller delvis som ein eingongssum eller som faste årlege summer. Tap som er oppstått meir enn sju år etter beslaglegginga, kan normalt ikkje krevjast stetta.

Staten kan krevje regress av konsesjonær dersom konsesjonæren burde ha avverja tapet.

§ 9-3 (Ansvar for forureining og avfall)

Konsesjonær er utan omsyn til skuld ansvarleg for økonomisk tap som følgje av forureining og avfall frå verksemd omfatta av denne lova, og for utgifter til rimelege tiltak for å avverje eller avgrense slik skade eller slikt tap.

Ansvar etter første ledd gjeld òg for forureining og avfall frå forsynings- eller hjelpefartøy og for transport eller bygging av energianlegg.

For at skadebot skal kunne krevjast for tapt fangsttid i samband med lokalisering, merking, opptak eller ilandføring av gjenstandar, må gjenstandane merkjast forsvarleg eller først i land og visast fram for den departementet gjev mynde, med mindre det ligg føre absolutte hindringar. Posisjonen må i alle fall meldast.

Det som er nemnt i tredje ledd gjeld òg ved skadebot for anna tap for så vidt det er rimeleg å krevje slik merking, posisjonsoppgiving eller ilandføring.

Ansaret omfattar òg andre fartøy som hjelper eit fiskefartøy med å bringe gjenstandar til land.

Dersom det er valda skade omfatta av denne føresegna utan at skadevaldar kan identifiserast, skal konsesjonærar vere solidarisk ansvarlege i den utstrekninga skaden kan tenkjast å vere forårsaka av verksemd i tilknytning til vedkommande sin konsesjon.

§ 9-4 (Innretning som valdar skade)

Dersom innretning eller tiltak i samband med plassering av innretning valdar skade som ikkje er dekt av reglane i § 9-2, er konsesjonær ansvarleg utan omsyn til skuld for det økonomiske tapet som fiskarane lir som følgje av skaden.

§ 9-5 (Nemnd)

Krav som blir fremja i medhald av dette kapitlet skal avgjerast av ei nemnd. Departementet kan gje nærare forskrifter om samansetjinga av nemnda og sakshandsaming, og reglar om klagehandsaming.

Vedtak i klageinstansen kan innan to månader etter at vedkommande part har fått melding om vedtaket ved stemning bringast direkte inn for tingretten.

Krav fastsett av nemnda eller av klageinstansen er tvangsgrunnlag for utlegg etter at klagefristen eller fristen som nemnt i andre ledd har gått ut.

Ved oversitjing av fristen i andre ledd kan klageinstansen etter reglane i lov 10. februar 1967 om behandlingssmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven) § 31 vedta at tingretten tek saka til handsaming. Vedtak om fristoversitjing kan ankast til tingretten.

Kapittel 10. Ymse føresegner

§ 10-1 (Handsamingsgebyr)

Det kan krevjast gebyr for handsaming av søknader, godkjenningar og kontroll etter denne lova.

§ 10-2 (Arealavgift)

For bruk av areal til fornybar energiproduksjon kan konsesjonær ved tildeling av konsesjon eller seinare påleggjast å betale arealavgift til staten.

Departementet kan gje forskrifter om betaling av arealavgift, mellom anna om storleiken på og grunnlaget for avgifta.

Avgiftskrav med tillegg av renter og kostnader er tvangsgrunnlag for utlegg.

§ 10-3 (Garanti)

Departementet kan ved tildeling av konsesjon eller seinare bestemme at konsesjonæren skal stille slik garanti som departementet godkjenner for oppfylling av dei pliktene konsesjonæren har påteke seg, og for mogleg ansvar i samband med energianlegg etter denne lova.

§ 10-4 (Opplysningsplikt)

Alle som eig eller driv verksemd omfatta av denne lova pliktar uavhengig av reglar om teieplikt å gje departementet dei opplysningane som er nødvendige for å utøve mynde etter denne lova, og for å ta vare på Noreg sine internasjonale plikter.

Informasjonsplikta omfattar òg opplysningar og statistikk av teknisk karakter knytt til utbygging, drift og produksjon, og ressurs- eller miljøtilhøve av interesse for departementet.

Departementet kan gje forskrifter om opplysningsplikt, teieplikt og om utlevering av opplysningar. Det gjeld òg forskrifter om kva slag opplysningar ansvarlege etter denne føresegna pliktar å innhente og å sitje inne med.

§ 10-5 (Kontroll)

Departementet fører kontroll med at føresegner gjevne i eller i medhald av denne lova blir overholdne.

Departementet kan gje dei pålegga som er nødvendige for gjennomføringa av føresegner fastsette i eller i medhald av denne lova.

§ 10-6 (Tvangsmulkt)

Departementet kan gjere vedtak om tvangsmulkt for å sikre at ei plikt som følger av eller i medhald av denne lova eller vilkår som er sette for konsesjon eller vedtak i eller i medhald av denne lova, blir oppfylte. Vedtak om tvangsmulkt kan òg gjerast ved oversitjing av fristar for detaljplan, byggjestart eller andre fristar knytt til framdrift av tiltaket.

Tvangsmulkt kan fastsetjast som ei fortløpande mulkt eller som ein eingongssum. Tvangsmulkt tilfell statskassen. Pålagt tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg.

§ 10-7 (Tilbaketrekking av konsesjon)

Dersom konsesjon er gjeven på grunnlag av urette eller ufullstendige opplysningar om vesentlege omstende, eller konsesjonæren bryt denne lova eller føresegner eller pålegg gjevne i medhald av lova og brotet er vesentleg, kan konsesjonen trekkjast tilbake.

Konsesjon kan òg trekkjast tilbake dersom dette følger av konsesjonsvedtaket, ved oversitjing av fristar for detaljplan, byggjestart eller andre fristar knytt til framdrift av tiltaket.

Blir konsesjon for eit etablert anlegg trekt tilbake, skal det fastsetjast ein frist til å syte for at anlegget blir overteke av andre som lovleg kan drive det. Føresegnene i lov 28. november 2003 nr. 98 om konsesjon ved erverv av fast eiendom (konsesjonsloven) § 19 gjeld tilsvarande dersom fristen ikkje er overhalden.

Blir konsesjon etter andre ledd trekt tilbake kan departementet lyse ut konsesjonen for innhenting av søknader frå andre interesserte, eller påleggje frist for overdraging etter tredje ledd. Ved utlysing gjeld kapittel 3 for handsaming av søknader så langt det passar.

§ 10-8 (Omgjering)

I særlege tilfelle kan dei fastsette vilkåra endrast av omsyn til allmenne interesser. Ved avgjerda skal det takast omsyn til kostnadene ei endring vil påføre konsesjonæren og dei fordelane og ulempene endringa elles vil medføre.

Endringar i vilkåra kan òg gjerast etter søknad frå konsesjonæren. Føresegnene i kapittel 3, jf. kapittel 4, gjeld for søknader etter denne føresegna så langt dei høver.

§ 10-9 (Lovbrotsgebyr)

Departementet kan påleggje gebyr for den som forsettleg eller aktaust bryt eller medverkar til brot på føresegner gjevne i eller i medhald av denne lova.

Betalingsfristen for pålagt gebyr er fire veker frå vedtakstidspunktet. Pålagt gebyr er tvangsgrunnlag for utlegg. Gebyr blir kravd inn av Statens innkrevjingsentral. Innkrevjingsentralen kan drive inn kravet ved trekk i lønn og andre liknande ytingar etter reglane i lov 8. juni 1984 nr. 59 om fordringshavernes dekningsrett (dekningsloven) § 2-7. Innkrevjingsentralen kan òg drive inn kravet ved å stifte utleggspant for kravet dersom panteretten kan gjevast rettsvern ved registrering i eit register eller ved melding til tredjeperson, jf. lov 8. februar 1980 nr. 2 om pant (panteloven) kapittel 5, og utleggsforretninga kan haldast på Innkrevjingsentralens kontor etter lov 19. juni 1992 nr. 86 om tvangsfullbyrdelse (tvangsfullbyrdelsesloven) § 7-9 første ledd.

Når eit brot på føresegn som kan medføre gebyr etter første ledd er gjort av nokon som har handla på vegner av eit føretak, kan gebyr påleggjast føretaket. Dette gjeld sjølv om gebyr for brotet ikkje kan påleggjast nokon enkeltperson. Med føretak er her meint selskap, enkeltpersonføretak, stifting, foreining eller anna samanslutning, bu eller offentleg verksemd.

Ved avgjerd av om eit føretak skal påleggjast gebyr for brot på føresegn og ved utmåling av sanksjonen skal det særleg leggjast vekt på:

1. kor alvorleg brotet er,
2. om føretaket ved retningslinjer, instruksjon, opplæring, kontroll eller andre tiltak kunne ha forebyggt brotet,
3. om brotet er gjort for å fremje føretaket sine interesser,
4. om føretaket har hatt eller kunne ha oppnådd ein fordel ved brotet,
5. om det er tale om gjentakning og
6. den økonomiske stillinga for føretaket.

§ 10-10 (Forskrifter)

Kongen kan gje forskrifter til gjennomføring og utfylling av lova og verkeområdet til lova, inklusive forskrifter som er nødvendige for å oppfylle Noreg sine internasjonale plikter.

Kapittel 11. Ikraftsetjing

§ 11-1 (Ikraftsetjing)

Denne lova gjeld frå den tida Kongen fastset.

Kapittel 12. Endringer i anna lovverk

§ 12-1 (Endringer i anna lovverk)

Frå den tid lova vert satt i kraft, vert det gjort følgjande endringar i andre lover:

I lov 29. juni 1990 nr. 50 om produksjon, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m. (energiloven) blir gjort følgjande endringar:

§ 1-1 nytt tredje ledd skal lyde:

Departementet kan i forskrift eller i det enkelte tilfelle begrense anvendelsen av enkelte bestemmelser i denne lov hva gjelder innretninger, formål eller virksomheter omfattet av havenergilova.

§ 1-1 noverande tredje til femte ledd blir fjerde til sjette ledd.

Oslo, i energi- og miljøkomiteen, den 4. mars 2010

Erling Sande

leder

Siri A. Meling

ordfører